



MØTEINNKALLING KONTROLLUTVALET

Møtedato: 15.03.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 18:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Roger Erlandsen epost roger.erlandsen@askoy.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
08/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
10/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2017	BESØK AV EINING: RUS OG PSYKIATRI
12/2017	KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR
13/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

6. april 2017

Boris Groth
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/416

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/416

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kontrollutvalet - 23.02.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 23.02.2017

Møtestad: Starta møtet med omvising på Daletunet, deretter Heradshuset

Møtetid: 15:00 - 18:23

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalseiar
Bente Jorunn Sundheim	H	Nestleiar
Bjørg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen (deltok ikkje på omvisinga på Daletunet)	AP	Medlem

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking

Roald Breistein, HFK

Roger F. Erlandsen, sekretær

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2017	BESØK AV EINING: DALETUNET PÅ DALE
05/2017	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016
06/2017	KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - ARBEIDSMØTE
13/2017	ANDRE SAKER/DRØFTINGAR



01/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KONT - sak 01/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KONT - sak 02/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

03/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

KONT - sak 03/2017 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



04/2017: BESØK AV EINING: DALETUNET PÅ DALE

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Daletunet til orientering.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. I starten av dette møtet vitja kontrollutvalet Daletunet omsorgssenter.

Einingsleiar, kommunalsjef og ein avdelingsleiar viste rundt i tidsrommet ca kl 15.00 til kl 16.00.

Daletunet omsorgssenter tilbyr

- Dagplass
- Korttidsopphald
- Langtidsopphald
- Langtidsopphald på skjerma eining for demente

Dagplassane er for dei som har trong for det av sosiale eller helsemessige grunnar. Her tilbys aktivitetar som for eksempel bingo, h andarbeid, lesing og loddsalg. I tillegg til det sosiale, det at ein kan omg as andre menneske. Aktivit erer jobbar p  avdelinga. Dette er eit popul ert tilbod som tilbyr 1 til 5 dagar i veka. Her kan det etes frukost og middag. Det kan v re venteliste, men ikkje alltid. Konsert vert avholdt cirka ein gong i m naden. Det fins ogs  dagsenter p  Vaksdal sjukeheim og Sveabrekka.

Langtids plassene fins i 4. etasje.

Ein avdeling i 4. etasje er tom, men skal brukas p  sikt.

Her er det einmannsrom med seng, bad/dusj p  kvart rom.

Ektepar kan under visse forutsetningar f  samme rom dersom  nskelig. Dei gjer det dei kan for   f  det til. Avdelinga har ikkje tr dlaust internett enn , men dette vil komme. Journalf ring skjer p  eget kontor. Dei har eit prosjekt for   gjere journalane heildigitale, og det er bestilt b rbare pc'er til dette form let.

Sosialt treffpunkt fins p  avdelinga.

Det fins eit brukarutvalg som er felles for dei to sjukeheimene (Daletunet omsorgssenter og Vaksdal sjukeheim).

Einingsleiaren kunne fortelle at langtidsfrav ret er h gt, men at det er p  vei ned. Det er lavt frav r p  korttidsfrav r.

Korttidsavdelinga blei ikkje bes kt grunna smittepress.

Heimesjukepleie har kontor i omsorgssenteret med diverse arbeidsrom. Nettbrett der dei har n dvendig informasjon om jobben dei skal gjere, hjelper dei til   jobbe p  ein effektiv m te.



Trivselsundersøkelser viser at ein har klart å gjere tilbodet betre. Det jobbas med diverse forbetningsområdar.

Praktisk bistand har base i omsorgssenteret. Her jobbar 20 personar, både fagutdanna og ikkje fagutdanna. Dei handlar, og jobbar med å vaske for dei som treng det. Dei lærer også bort korleis ein skal vaske og gjere reint slik at dei som er i stand til det kan bli meir sjølvstendig. Dei jobbar 2 og 2 for ein effektiv gjennomføring. Arbeidsmiljøet har god score. Dei gir tilbakemelding til heimesjukepleie om observasjonar som gjerer. Arbeidskrafta brukas fleksibelt saman med heimesjukepleie alt ettersom behov.

I Dale omsorgssenter fins det 30 omsorgsbustader med både gammal og ny del. Dei som ynskjer å nytte seg av andre tenester må levere eigen søknad for dette. Omsorgsbustader fins også på Jamnetunet og Sveabrekka.

I omsorgssenteret finn ein det såkalte «Glashuset». Psykiatri og dagsenter brukar dette fleksible oppholdsrommet med kjøkkenkrok. Dette vert nytta ved personalmøter, tilstellingar og større besøk, og julemiddager blir holdt her.

Forvaltningskontoret har kontor i omsorgssenteret. Dei jobber med å koordinere helse- og omsorgstenestene.

Kontrollutvalet var nøgd med omvisinga.

KONT - sak 04/2017 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Daletunet til orientering.

05/2017: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Leiar for kontrollutvalet tok ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2016.

Eit av medlemene meinte at folkevaldopplæringa som blei avholdt for kontrollutvalet på Solstrand Hotel & Bad 25. og 26. januar 2016 burde være med i årsmeldinga. Medlemene var samd i dette, og dette blei lagt til.

Medlemene i kontrollutvalet hadde ingen andre kommentarar til årsmeldinga. Årsmeldinga justeres i samsvar med kommentarar i møtet.



KONT - sak 05/2017 Tilråding:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

06/2017: KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - ARBEIDSMØTE

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Møtet blei lukka jf. Koml §31-3

Kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i møte 14.11.16 sak 80/16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse i høve revisjonstenester for Vaksdal kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument*
- Knytta til seg naudsynt hjelp.*
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»*

Kontrollutvalet vedtok i KU-møtet 13.10.2016 i sak 25/16 å bestille kjøp av gjennomføring av anbodskonkurranse av revisjonstenester av Hordaland Fylkeskommune.

Anbudsfristen gjekk ut 11.01.2017 kl. 12.00. Sekretariatet (HFK) hadde gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. Innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune er brukt som rådgjevarar.

Evalueringa av tilboda blei presentert i møtet. BDO, KPMG, Deloitte, IHR og Nordhordland Revisjon hadde levert tilbod.

Kontrollutvalet var nøgd med gjennomgangen, og hadde inntrykk av at det hadde vore ein god og grundig evaluering.

Vedtaket i saka vil bli foretatt i neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering. Neste møtet i kontrollutvalet er 15. mars. Leiar for KU tar kontakt med ordførar og avtaler at saka kan komme opp i kommunestyret i møtet 3. april.

Leiar for KU nevnte at han brukar Deloitte som revisor for eit firma han har, og var usikker på hans habilitet i denne saka. Etter diskusjon i utvalet var alle samde om at han ikkje er inhabil i denne saka.



Møtet blei opna igjen.

07/2017: ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Møtet blei lukka jf. Koml §31-3

1. Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»). Denne saka blei behandla før dei andre sakane, men etter omvisinga på Daletunet.

Som bakgrunn i denne saka vises det til tidligare protokollar som omtaler denne saka.

Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fekk i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.

- Rådmannen informerte i møtet at takst er gjennomført
- Det jobbes med å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum. Det er ikkje satt ein tidsramme for ferdigstilling av avtalen, men administrasjonen ynskjer å gjennomføre dette så snart som mogleg.
- Kostnadsramma må være innafor det som er tildelt til formålet
- Leiar for KU ba om at avtalen også oversendes kontrollutvalet før den sendes til behandling i formannskapet

Sekretær informerer Deloitte om rådmannen si orientering.

Kontrollutvalet inviterer rådmannen for vidare orientering i KU-møtet 15. mars.

Møtet blei opna igjen.

2. Det var enighet i kontrollutvalet om å invitere ordføraren til neste møte til å gi ein orientering om rådmannen som er sjukemeldt. (Ordføraren er bortreist neste møtedato, og rådmannen vil gi orienteringa).
-



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/416

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
10/2017.1	Kontrollrapport 2016 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Skatteetaten**Saksbehandlar
Liv Farestveit

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2017Telefon
55578425

Dykkar referanse

Vår referanse
2016/69084

Kommunestyret i Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgata 16
5722 DALEKVAM

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
0,6	0,6	0,5

Postadresse
Njøsavegen 26863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepostBesøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000

Org. nr: : 991733108

Sentralbord
800 80 000Telefaks
51 91 73 01



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Vaksdal kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 359 521 393 og uteståande restansar² på kr 10 257 123, av dette krav stilla på vent kr 28 459. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 16. januar 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Vaksdal kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	6,4	96,8	98,2	97,2	96,3
Arbeidsgjevaravgift 2015	47,0	96,8	99,8	99,4	99,9
Forskotskatt personlege skattytarar 2015	10,6	96,2	99,0	96,7	99,4
Forskotttrekk 2015	87,6	99,9	99,9	99,8	100,0
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2015	22,5	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	1,7	98,6	95,0	87,5	99,2

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland Kommunale Rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2016 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2016	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
119	6	7	5,9 %	4,8%	2,7%	4,6%

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



5. Resultat av utført kontroll

• Intern kontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

• Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


• Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2016 verken gjeve pålegg eller tilrådingar.

Venleg helsing


Jan Kåre Strøm
fung. avdelingsdirektør
Skatt vest


Oddmund Midtbø
seniorrådgjevar

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Vaksdal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Vaksdal kommune
- Riksrevisjonen



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033	17/416

BESØK AV EINING: RUS OG PSYKIATRI

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram om orienteringa om rus og psykiatri til orientering.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. Det er avtalt å bli nærare kjent med rus og psykiatri.

Medlemene møter i kommunestyresalen kl 15.00. Der blir det gitt informasjon om Folkehelse og Familie v/einingsleder Silje-Iren N. Olsen, og fagleiar for rus/psykiatri Anne Karin Berge. Deretter blir det omvising i lokala i 1. etasje.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017
26/2017	Kommunestyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 216	16/1486

KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE – VAL AV REVISOR

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Vaksdal kommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2016, det vil seie til og med 30.06.17. Frå 01.07.2017 skal revisor i ny avtaleperiode vere på plass.

Heimel for kven som kan vedta val av revisor går fram av kommunelova § 78.4 som lyd slik:

«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

Når det i kommunelova er nytta omgrepet «kommunestyret selv» betyr det at det ikkje er høve til å delegere myndet til andre, men at det kommunestyret sjølv som må gjera vedtaket.

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune handsama i møte 13.10.2016 sak 25/16 og gjorde då slikt vedtak:

1. Med atterhald om at kommunestyret vedtek innstilling frå kontrollutvalet i sak «Ekstern revisor ny konkurranse – Fullmakt til kontrollutvalet» i møte 14.11.16, vert framlagt konkurransegrunnlag vedteke.
2. Sekretariatet som bistår med konkurransen, får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i møte 14.11.16 sak 80/16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse i høve revisjonstenester for Vaksdal kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument*
- Knytta til seg naudsynt hjelp.*
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»*

Konkurransegrunnlaget vart lyst ut som open anbodskonkurranse 15.11.2016 på www.doffin.no, og nokre dagar seinare vart det kunngjort innan heile EØS-området. Svarfristen vart sett til 11.01.2017 kl. 12.00. På bakgrunn av dei reglane som gjaldt på kunngjeringsstidspunktet var det ikkje høve til å forhandle med tilbydarane når det er brukt open anbodskonkurranse.

I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at tilbodet m.a. skal innehalde tilbod om levering av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre timebaserte oppdrag i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021.

Vidare går det fram av konkurransegrunnlaget at det vert lagt til grunn at særskilte kvalifikasjonskriterium må vera oppfylte for at tilbydar skal verta vurdert som eigna.

Konkurransegrunnlaget legg også til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, der ein tek omsyn til følgjande kriteria:

40 %	Pris (fastpris og timeprisar)
35 %	Løysing og forståing av oppdraget
25 %	Kompetanse og erfaring

Drøfting

Ved utløpet av fristen var det kome inn tilbod frå 5 tilbydarar. Alle tilbydarane er kvalifiserte og evaluering av tilboda starta umiddelbart. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. På bakgrunn av sekretariatet si evaluering vart det gjennomført eit arbeidsmøte med kontrollutvalet 23.2.17. I dette arbeidsmøtet presenterte sekretariatet forslag til evaluering av dei innkomne tilboda.

Sekretariatet har no førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skal innstilla overfor kommunestyret på val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017. Det er kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket. Sekretariatet vil i møte 15.03.17 presentere munnleg forslag til kven kommunen bør velgja som revisor. Det vil også verta presentert ei grunngjeving i høve dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurransegrunnlaget.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Vaksdal kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2017	Kontrollutvalet	PS	15.03.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/416

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»)
- Orientering fra rådmannen om status for implementering av Vigilo i barnehagene i kommunen i forhold til vedtaket i kommunestyret i februar 2017
- Orientering fra (konst.) rådmann om status for sjukemeldinga til rådmannen